

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Søknad om konsesjon for bygging av Myklebost kraftverk

Myklebost Kraft AS ønskjer å nytte vassfallet i Myklebustelva i Jølster kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. §8, om løyve til:

- å bygge Myklebost kraftverk

2. Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Myklebost kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden.

Kraftverket blir tilknytta det eksisterande 23 kV nettet og det blir inngått avtale om bygging og drift av høgspenningsanlegget med områdekonsesjonæren Sunnfjord Energi AS.

Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. Vi ber om ei snarleg handsaming av søknaden.

Med helsing
Myklebost Kraft AS

Ole Johan Hegrenes

postadresse: 6847 Vassenden
e-post: o-hegre@online.no
telefon: 907 53 392

Samandrag

Myklebost kraftverk er eit uregulert småkraftverk på Jølster som utnyttar fallet i Myklebustelva mellom kote 417 og kote 225. Installert effekt er 5 MW og årsproduksjonen er 20,55 GWh. Inntaket i Myklebustelva vert utført med ein låg terskel over elveløpet og ein inntakskanal til side for elva. Tilløpsrøret har diameter 1,0 m med lengde 1 km og vert nedgravd. Kraftstasjonen er plassert ved elva ovanfor gyteområdet for storauren i Jølstravatnet.

Det er planlagt minstevassføring 300 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren.

Det er ikkje knytta spesielle brukarinteresser til elva, men deler av elva (Myklebustfossen) er synleg i landskapet. Det er registrert to viktige naturtypar i området (bekkekløft og naturbeitemark), men ingen raudlistearter. Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for inngrepsfrie områder.

Innhold

1	Innleiing	4
1.1	Om søkjaren	4
1.2	Grunngjeving for tiltaket	4
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	4
1.4	Dagens situasjon og eksisterande inngrep.	4
1.5	Samanlikning med øvrige nedbørfelt/nærliggande vassdrag.....	4
2	Beskrivelse av tiltaket	4
2.1	Hovuddata	4
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativ	5
2.3	Kostnadsoverslag	8
2.4	Fordeler og ulemper ved tiltaket	8
2.5	Arealbruk og eigedomstilhøve	8
2.6	Tilhøvet til offentlege planer og nasjonale føringar	9
2.7	Alternative utbyggingsløyser	10
3	Verknad for miljø, naturressurser og samfunn	10
3.1	Hydrologi (verknader av utbygginga).....	10
3.2	Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima.....	10
3.3	Grunnvatn, flaum og erosjon.....	11
3.4	Biologisk mangfald	11
3.5	Fisk og ferskvassbiologi.....	11
3.6	Flora og fauna	11
3.7	Landskap	11
3.8	Kulturminner	12
3.9	Landbruk.....	12
3.10	Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser	12
3.11	Brukarinteresser	13
3.12	Samiske interesser	13
3.13	Reindrift	13
3.14	Samfunnsmessige verknader	13
3.15	Konsekvensar av kraftlinjer	13
3.16	Konsekvenser ved brøt på dam og trykkrør	13
3.17	Konsekvenser av ev. alternative utbyggingsløyser	13
4	Avbøtande tiltak.....	14
5	Referanser og grunnlagsdata.....	14

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Myklebost Kraft AS under stifting står som søkar og vil førestå utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er eit privat aksjeselskap eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

1.2 Grunngeving for tiltaket

Føremålet med tiltaket er å styrke busetting og det lokale næringsgrunnlaget. Tiltaket er ikkje tidlegare vurdert etter vassressurslova.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Utbyggingsområdet ligg på sørsida av Jølstravatnet i Jølster kommune i Sogn og Fjordane. Kraftverket ligg 10 km sørvest for kommunesenteret Skei, kfr vedlagte oversiktskart.

1.4 Dagens situasjon og eksisterande inngrep.

Myklebostelva er ei av dei større sideelvane i Jølstervassdraget som renn gjennom Myklebustdalen og Dvergsdalsdalen med utløp i Jølstravatnet på Myklebust. Elva får tilsiget frå fjellområdet mellom Jølster og Haukedalen i Førde kommune. Nedbørfeltet er på 27,7 km² og medelvassføringa 2,49 m³/s. Ei stor kraftlinje (132 kV Mel-Skei) går gjennom Dvergsdalsdalen og passerer inntaket til kraftverket. Dei nedre områda med Myklebust og Dvergsdalsdalen er prega av busetnad, jordbruk, vegar og kraftlinjer.

1.5 Samanlikning med øvrige nedbørfelt/nærliggande vassdrag

Myklebustelva renn gjennom ein av dei mange hengande U-dalane på Sørsida av Jølstravatnet og er såleis typisk for området.

Det er bygt ei rad småkraftverk i vassdraget (Brulandsfossen, Stakaldefossen, Nydal, Stølslia, Bjørndalselva, Ågjølet) og det er tre kraftverk under bygging (Årdal, Sanddal og Kjøsnesfjorden). Det er vidare gitt konsesjon til Dvergsdalen kraftverk lengre oppe i Myklebustelva og til kraftverk i naboelva Åselva.

2 Beskrivelse av tiltaket

2.1 Hovuddata

Myklebost kraftverk, hovuddata			
TILSIG		Hovudalternativ	Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	27,7	
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	79,8	
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	91,3	
Middelvassføring	m ³ /s	2,49	
Alminnelig lågvassføring	m ³ /s	0,123	
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	1,087	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,109	
KRAFTVERK			

Inntak	moh.	417
Avløp	moh.	225
Lengde på berørt elvestrekning	km	1,1
Brutto fallhøgde	m	192
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,42
Slukeevne, maks	m ³ /s	3,1
Slukeevne, min	m ³ /s	0,11
Tilløpsrør, diameter	mm	1000
Tunnel, tverrsnitt	m ²	
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	
Installert effekt, maks	MW	5,0
Brukstid	timer	4100

MAGASIN

Magasinvolum	mill. m ³	0
HRV	moh.	
LRV	moh.	

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	6,56
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	13,99
Produksjon, årleg middel	GWh	20,55

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	34
Utbyggingspris	kr/kWh	1,65

Myklebost kraftverk, Elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	MVA	5,5
Spenning	kV	690

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	6
Omsetning	kV/kV	0,23/23

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kabler)

Lengde	km	1,2
Nominell spenning	kV	23
Luftlinje		

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativ

Hydrologi og tilsig

Nedbørsfeltet ligg mellom 417 og 1587 moh og inneheld noko lausmasser og myrterreng i dei nedre delene, men ubetydeleg sjøareal. Ellers er feltet dominert av snaufjell med rask avrenning. Ein breandel på 9 % (Grovabreen) bidrar til utjamning av sommarvassføringa.

Kraftverket får eit samla nedslagsfelt på 27,7 km² og normaltilsiget for perioden 1970-99 er berekna til 2,49 m³/s som gir eit årstilsig på 79,8 mill.m³.

Alminneleg lågvassføring er berekna til 123 l/s.

Medel restvassføring oppstrøms kraftstasjon er berekna til 0,08 m³/s.

Inntak

Kraftverksinntaket er plassert på kote 417 og det blir laga ein liten lausmasseterskel over elva med lengde ca 40 m og største høgde ca 1,5 m. Elva blir leia inn i ein 30 m lang kanal med bredde 8 m. Ved enden av kanalen blir det støpt ein inntakskonstruksjon med varegrind, innløpskonus og stengeventil under bakkenivå. Inntaksbassenget får eit vassvolum på ca 1500 m³ og vil tene som sedimenteringsbasseng og det blir anordna eit spylerør for utspyling av lausmasser. Inntaket ligg om lag 100 m nedanfor vegbrua og området er skogkledt (granfelt).



Stad for inntak. Streken angir inntaksterskelen over elva.

Vassveg

Frå inntaket på kote 417 vert driftsvatnet ført ned til kraftstasjonen gjennom eit 1000 m langt rør av duktilt støpejern med diameter 1 m. Rørtraceen vil i det vesentlege ligge på skogsmark (gran- og lauvskog) og ein reknar ikkje med nemnande fjellsprenging. Traceen vil bli lagt slik at den ikkje berører naturbeitemarker i nemnande grad.

Tilløpsrøret blir overalt nedgravd i grøft og overfylt med lausmasser slik at det ikkje vil vere synleg.



Øvre del av naturbeitemarka. Traceen for tilløpsrøret vil gå i skogen i venstre biletkant.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er plassert på nordsida av elva 50 m overfor det gamle tunet på Myklebust. Avløpet fra kraftstasjonen vert ført tilbake til elva på kote 225 slik at ein unngår konflikt med fiskeinteresser.

Det er planlagt installert to Peltonturbinar med effekt 2x2,5 MW med max. slukeevne 3,1 m³/s og to lågspenngeneratorar (690 V) med effekt 2x2,75 MVA.

Det blir vidare installert 1 stk hovedtransformator med effekt 6 MVA og med omsetning frå generatorspenning (lågspent) til 23 kV.

Hovudtransformatoren vert plassert inntil kraftstasjonshuset som ein integrert del.

Kraftstasjonshuset får eit areal på ca. 90 m² og enkel utforming med mønetak og utsjånaden vert tilpassa lokal byggeskikk med torvtak og utvendige vegger av trepanel.

For å unngå sjenerande støy frå kraftstasjonen, blir det gjort spesielle tiltak som dykking av avløpskanalen (vasslås) mv.



Stad for kraftstasjon (firkant) med tilløpsrør (strek).



Tilsvarende kraftstasjonshus

Vegbygging

Til kraftstasjonen blir det bygt ein ca 50 m lang tilkomstveg frå det gamle tunet på Myklebust.

Nettilknytning (kraftlinjer/kabler)

Kraftverket vert knytta til Dvergsdalsdalen trafostasjon (under planlegging) med ein 1,2 km lang jordkabel. Kabelen vert i hovudsak lagt i felles grøft med tilløpsrøret.

Eigaren av kraftverket er uten nødvendig elektroteknisk kompetanse og vil inngå avtale med Sunnfjord Energi AS om drift av høgspantanlegget.

Massetak og deponi

Tiltaket medfører ikkje behov for uttak eller deponering av masser.

Kjøremønster og drift av kraftverket

Kraftverket blir kjørt med konstant vasstand i inntaket og vil utnytte tilsiget i elvane til ei kvar tid uten noko form for utjamning eller regulering. Effektkøyring er ikkje aktuelt.

2.3 Kostnadsoverslag

Myklebost Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	0
Overføringsanlegg	0
Inntak/dam	1,0
Driftsvassveg	5,7
Kraftstasjon, bygg	1,6
Kraftstasjon, maskin og elektro	12,0
Kraftlinje	8,5
Transportanlegg	0,2
Div. tiltak (terskler, landskapspleie, mm)	0,1
Uforutsett	2,1
Planlegging/administrasjon.	1,8
Finansieringsutgifter og avrundning	1,0
Sum utbyggingskostnader	34,0

Kostnadsoverslaget er basert på prisnivå 2007.

2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket

Fordeler

Fordelen med tiltaket er knytta til kraftproduksjonen på 20,55 GWh og den miljømessige gevinsten ved rein energi. Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og lokal aktivitet.

Ulemper

Ulempene med tiltaket er hovudsakleg redusert vassføring i elva.

2.5 Arealbruk og eigedomstilhøve

Arealbruk

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til midlertidige og permanente anlegg. Dei midlertidige anlegga (riggområde, mellomlager, etc) vil bli levert tilbake når arbeidet er ferdig.

	Midlertidig Arealbehov (da)	Permanent Arealbehov (da)	
Inntaksområder	1	0,5	Utmark
Tilløpsrør	20	0	Utmark
Kraftstasjonsområde	1	1	Utmark, beite

Eigedomstilhøve

Alle fallrettar og grunnrettar som vert utnytta er i privat eige og det er desse eigarane som førestår utbygginga gjennom selskapet Myklebost Kraft AS.

Aksjeselskapet vil inngå minnelege avtaler om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.

Fylgjande eigedomar på Gnr 37 i Jølster kommune vert berørt:

Bnr	Eigar	Adresse
1	Audun Leirvåg	6847 Vassenden
3	Ola Kongsvik	6847 Vassenden
6	Anne Helene og Kårmund Myklebost m/livsarvingar	Fagernes 3, 5043 Bergen
7	Knut M. Olsen	6847 Vassenden
8	Halvar Flatabø	6847 Vassenden
9	Ole Jonny Marifjæren	Sandefeltet, 6899 Balestrand
11	Audun Sandal	6847 Vassenden
11	Alvhild Molland	Stedjevegen 9, 6856 Sogndal
12	Ole Johan Hegrenes	6847 Vassenden
13	Helge Myklebust	6847 Vassenden
25	Harald Øygard	6847 Vassenden
10, 18	Anders Kristian Sægrov	6843 Skei i Jølster
2,14, 26, 39	Oddbjørg og Ola Dokset	6847 Vassenden
5, 30	Britt Randi Myklebust	6847 Vassenden

2.6 Tilhøvet til offentlege planer og nasjonale føringar

Kommuneplan

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF).

Samla plan for vassdrag

Myklebostelva er med i Samla Plan rapport 346 Jølstervassdraget (1994), men rapporten inneheld svært lite opplysningar om prosjektet.

Verneplan for vassdrag

Det føreligg ingen verneplaner for Myklebustelva

Nasjonale laksevassdrag

Ingen nasjonale laksevassdrag blir berørt.

Andre verneplaner mm

Det føreligg ingen andre verneplaner eller spesielle restriksjonar for området.

Inngrepsfrie naturområder (INON)

Tiltaket vil ikkje medføre endringar for inngrepsfrie områder.

2.7 Alternative utbyggingsløyningar

Det er vurdert ulike effektinstallasjonar og fallutnytingar for å optimalisere den økonomiske verdien av prosjektet og den omsøkte planen vert vurdert som den beste med tanke på økonomi, utnytting av energipotensialet, fiskeinteresser og omsynet til natur og landskap. Kraftstasjonen er plassert slik at gyteområdet for storaure i Jølstravatnet ikkje vert påverka og slukeevna er relativt låg av omsyn til natur og landskap.

3 Verknad for miljø, naturressurser og samfunn

3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga)

Kraftverket får eit nedslagsfelt på 27,7 km² og normaltilsiget er berekna til 2,49 m³/s som gir eit årstilsig på 79,8 mill.m³. Vassføringa varierer sterkt som vanleg for små kystnære elvar. Flaumar kan førekomme heile året, men er mest vanleg om hausten. Lågvassføring er mest vanleg om vinteren, men kan også førekomme om hausten.

Alminneleg lågvassføring er berekna til 123 l/s og medel restvassføring oppstrøms kraftstasjon til 80 l/s. 5 persentil vassføring sommar/vinter er berekna til 1,087/0,109 m³/s.

Det er planlagt minstevassføring med 300 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren.

Etter utbygging vil medelvassføringa over året bli redusert til 36 % av naturleg vassføring på den berørte elvestrekninga og utbygginga vil påverke vassføringa i elva nedanfor inntaket på fylgjande måte:

Sommar 01.05-30.09: Når tilsiget til inntaket er mindre enn 0,411 m³/s, vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra.

Når tilsiget til inntaket er i området 0,411-3,4 m³/s, vil vassføringa i elva vere 0,3 m³/s.

Når tilsiget til inntaket er større enn 3,4 m³/s, vil den overskytande del av vassmengda gå i elva.

Vinter 01.10-30.04: Når tilsiget til inntaket er mindre enn 0,21 m³/s, vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra.

Når tilsiget til inntaket er i området 0,21-3,2 m³/s, vil vassføringa i elva vere 0,1 m³/s.

Når tilsiget til inntaket er større enn 3,2 m³/s, vil den overskytande del av vassmengda gå i elva.

Vassføringa i elva ved inntaket før og etter utbygging er vist som diagram for utvalde år (vått, tørt, medels) i vedlegga bakerst i søknaden. I 1994 som var eit medelår, var vassføringa mindre enn kraftverket si minste slukeevne+planlagt minstevassføring i tilsaman 38 dagar og større enn kraftverket si største slukeevne i tilsaman 107 dagar.

Flaumvassføringar vert lite påverka av utbygginga.

Kraftverket har ingen reguleringsmagasin og vassføringa i elva oppstrøms inntaket og nedstrøms kraftstasjonen vert dermed ikkje påverka.

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Vassføringa i elva varierer sterkt avhengig av nedbør og snøsmelting. Fråføring av vatn vil medføre at vasstemperaturen vil auke litt på den berørte elvestrekninga ved snøsmelting og dette vil gi marginalt høgare lufttemperatur i nærområdet til elva. Elva har eit bratt fall med liten isproduksjon og tilhøva for islegging, isgang, kjøving og risiko for frostrøyk vil endre seg lite.

3.3 Grunnvatn, flaum og erosjon

Elva renn hovudsakleg på fjell på den berørte strekninga og utbygginga vil ikkje ha konsekvensar for grunnvatn.

Kraftverket si slukeevne er 3,1 m³/s og største registrerte flaumvassføring for perioden 1970-99 er 28 m³/s (1985). Flaumar førekjem heile året, men er mest vanleg om hausten.

Utbygginga vil ha ein liten flaumdempende effekt.

Elveløpet er stabilt (fjell) og utbygginga vil ikkje ha konsekvensar for erosjon og sedimenttransport.

3.4 Biologisk mangfald

Det berørte området mellom Jølstravatnet og Dvergsdalsdalen er dominert av granplantingar og lauvskog med innslag av kulturmark.

Det biologiske mangfaldet i området er ikkje særleg stort, men det er registrert to naturbeitemarkar og ei bekkekløft med middels stor verdi.

Det er ikkje påvist raudlisteartar frå plante- eller soppriket. Heller ikkje frå dyreriket er det påvist raudlisteartar som nyttar området for næringssøk eller hekking.

Tiltaket vil ikkje få konsekvensar for reproduksjon av storaure i Jølstravatnet

Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for naturbeitemarkene, men for elva vil redusert vassføring medføre dårlegare levevilkår for ulike kryptogram og fossefall. Minstevassføringa vil truleg avbøte det meste og dei samla konsekvensane av utbygginga blir vurdert som middels/lite negativt for dei kartlagde naturverdiane.

3.5 Fisk og ferskvassbiologi

Som vanleg for elvane på Vestlandet er det ein bestand av bekkare i vassdraget.

Storaure frå Jølstravatnet nyttar den nederste delen av elva som gyteområde og kraftstasjonen er plassert ovanfor dette området for å unngå negative konsekvensar. Det er mogeleg at auren også gyt på ei kort elvestrekning ovanfor kraftstasjonen, men denne strekninga manglar gytesubstrat (elvebotnen består av fjell og stor stein) og eventuell gyting vil her bli mislykka. Ein reknar med at den planlagde minstevassføringa (0,3 m³/s om sommaren og 0,1 m³/s om vinteren) vil vere tilstrekkeleg til å unngå tørrlegging av gyte- og oppvekstområdet nedstrøms kraftstasjonen ved stans av kraftverket og det er difor ikkje planlagt omløpsventil.

3.6 Flora og fauna

Det berørte området består av kulturmark, granplantingar og lauvskog med trivielle naturtypar som i stor grad er berørt av tidlegare inngrep.

Det finst hjort, men ellers er faunaen triviell og ikkje særleg artsrik.

Det er ikkje registrert raudlista arter innen flora og fauna.

3.7 Landskap

Jølstervassdraget ligg i midtre fjordstrøk og høyrer naturgeografisk til lauv- og furuskogsregionen på Vestlandet. Myklebustelva får tilsiget frå fjellområdet mellom Jølster og Haukedalen og renn ut i Jølstravatnet ved Myklebust. Elva renn gjennom den atypiske Dvergsdalsdalen og har eit bratt fall ned mot Jølstravatnet. Ei stor kraftlinje (132 kV Mel-Skei) går gjennom Dvergsdalsdalen og forbi inntaket. Den nedre delen av området som vert berørt av utbygginga er prega av jordbruk, vegar og busetnad. Området er skogkledt opp til 700 moh med lauvskog og granfelt som dominerande treslag. Dei tekniske anlegga som utbygginga medfører er små og avgrensa og har liten betydning for natur og landskap.

Elva (Myklebustfossen) er delvis synleg og har ein viss verdi som landskapselement. Slukeevna til kraftverket er difor relativt låg (1,3xmedelvassføring) og det er planlagt minstevassføring med

0,3 m³/s om sommaren og 0,1 m³/s om vinteren.

Tiltaket vil ikkje få konsekvensar for inngrepsfri natur (INON).



Myklebust med kraftstasjon (firkant) og tilløpsrør (strek) ved høg sommarvassføring (8 m³/s).

Deler av elva er synleg, men ikkje dominerande i landskapet.

3.8 Kulturminner

Ein kjenner ikkje til kulturminner som vert direkte berørt av utbygginga.

3.9 Landbruk

Det må avståast 0,5 da utmark til inntaket og 1 da utmark/beite til kraftstasjon og tilkomstveg.

Tilløpsrøret vert nedgravd og vil ikkje medføre ulemper på lengre sikt.

Ellers er det ingen nemnande konsekvensar.

3.10 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Elva vert ikkje nytta som vasskjelde.

Elva får tilført litt ureining frå beitedyr og er noko påverka av ureining frå jordbruket i Dvergsdalsdalen (utslepp av silosaft). Det knyter seg ingen resipientinteresser til den berørte elvestrekninga.

I anleggsfasen blir elva utsett for litt sandtransport ein kort periode i samband med bygging av inntaket.

3.11 Brukarinteresser

Fiske

Det finst ein bestand av bekkaure og aure frå Jølstravatnet vandrar opp på den nederste delen av elva i gytetida. På den berørte elvestrekninga er det er ingen fiskeinteresser av betydning og ein ventar ingen konsekvensar av utbygginga..

Jakt

Det er ein medels stor hjortebestand i området og jakt vert utført av grunneigarane.

Det føregår også litt småviltjakt i fjellområdet (skogsfugl, rype, hare).

Utbygginga får ingen permanente konsekvensar av betydning for vilt og jakt.

Ferdsel og friluftsliv

Den berørte delen av elva blir lite nytta i samband med ferdsel og friluftsliv og ein ventar ingen spesielle konsekvensar.

Kraftverk

Iflg. slutning i Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett har grunneigarane på gnr 36 Dvergsdal rett til å føre vatn frå Fagredalselva gjennom "Veita" til Dvergsdalselva. Dette vil i tilfelle det blir gjennomført medføre litt redusert vassføring i Myklebustelva.

3.12 Samiske interesser

Det er ingen samiske interesser i området.

3.13 Reindrift

Det føregår ingen reindrift i området.

3.14 Samfunnsmessige verknader

Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og anna lokal aktivitet. Det offentlege vil få skatteinntekter på 1,4 mill.kr etter nokre år.

Tiltaket vil gje ein mindre sysselsettingseffekt i byggetida og 0,3 årsverk i driftsfasen.

Iflg. lokale utredninger (Sunnfjord Energi 2006) er kraftproduksjonen i Jølster kommune 135 GWh medan forbruket er 35 GWh. Iflg. regionale kraftsystemutredninger (SFE 2005) er kraftproduksjonen i Sogn og Fjordane 13,6 TWh medan forbruket er 7,2 TWh.

3.15 Konsekvenser av kraftlinjer

Kraftverket vert knytta til Dvergsdalsdalen trafostasjon (under planlegging) med ein 1,2 km lang jordkabel. Kabelen vert i hovudsak lagt i felles grøft med tilløpsrøret og ein ventar ingen nemnande konsekvensar.

3.16 Konsekvenser ved brot på dam og trykkrør

Inntaksterskelen er så låg at evt. brot ikkje får nemnande konsekvensar. Evt. brot på tilløpsrøret er heller ikkje venta å medføre større konsekvensar.

3.17 Konsekvenser av ev. alternative utbyggingsløysinger

Det er ikkje vurdert andre utbyggingsalternativ.

4 Avbøtande tiltak

Fysiske inngrep

Det blir lagt vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at ein tar vare på vegetasjon og unngår skjemmande sår i terrenget. Vegetasjonsdekket i rørtraceen vert tatt vare på og reetablert for å oppnå rask naturleg utsjånad.

Kraftstasjonsbygningen vert tilpassa lokal byggeskikk og utført med torvtak og utvendig trepanel.

Minstevassføring

Deler av elva (Myklebustfossen) er synleg og har ein viss verdi som landskapselement og elva nedanfor kraftstasjonen er eit viktig gyteområde for auren i Jølstravatnet. Det er difor føreslått slepping av minstevassføring med 300 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren. Vassleppinga vil medføre eit produksjonstap på 1,6 GWh/år.

5 Referanser og grunnlagsdata

Kraftproduksjonen er berekna med simuleringsmodellen U-mag.

Byggekostnader er berekna på grunnlag av Ing Hermod Seim AS sin database for småkraftverk.

Vedlegg til søknaden

1. Oversiktskart med nedbørfelt innteikna (1:50000).
2. Detaljert kart over utbyggingsområdet som viser inntak, vassveg, kraftstasjon, kraftliner, vegar, eigedomsgrenser, med meir (1:5000).
3. Varighetskurve og kurver som viser vassføringa på utbyggingsstrekninga før og etter utbygginga i tørt, vått og middels år.
4. Miljørapport/kartlegging av biologisk mangfald
 - Skjema for dokumentasjon av hydrologiske tilhøve (separat vedlegg).
 - Skjema "Klassifisering av dammer og trykkrør" (separat vedlegg).